

# RADAR

NR.3 — 2022 · 38. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



BLOMSTER  
med omtanke

Tema: Fairtrade



S. 6-7

- I BUTIKK



S. 12

- OG I BAKVERK



S. 2

PÅ Plass på  
Kyrkjekontoret



Alle blomstene er  
Fairtrade sertifisert  
100%  
Se [www.fairtrade.no](http://www.fairtrade.no)  
FLO-ID 5902

# Gyda og Kari Marie er nye på kyrkjekontoret

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Dei likar begge å gå tur i fjellet, dei er jangamle, og dei er nyttilsette på kyrkjekontoret i Idrettsvegen 1 på Manger.**

Gyda Matland er fast tilsett som administrasjonssekretær, og Kari Marie Gurvin-Molvik er tilsett i eit årsvikariat som diakon for Gudveig Kartveit Sundsbø, som er i morspermisjon.

Ein ting til har dei felles: Begge er begeistra for mottakinga dei har fått som nyttilsette i Radøy sokn, både frå dei på kontoret og andre i krinsen rundt.

**GYDA MATLAND** (44) er fødd og oppvaksen på Manger og bur i dag på Kyrhovden, ikkje langt frå verken kyrkja eller kyrkjekontoret, saman med mannen sin Patrik frå Skåne i Sverige og deira to born på 7 og 11 år.

– Kvifor søkte du denne jobben?

– Eg jobba som lønskonsulent i Bergen kommune – med bustad i Hordvik. Rett før korona-pandemien kom, flytta vi tilbake til heimstaden min Manger, og etter ei tid begynte eg å sjå meg om etter ein jobb litt nærmare heimen. Difor passa det perfekt for meg at denne stillinga vart utlyst, og - ikkje minst - at eg fekk ho.

## Deler på Radøy og Meland

Hennar faste stilling utgjer 50 prosent i Radøy sokn og 50 prosent i Meland sokn, så eit par dagar i veka er ho på kyrkjekontoret på Frekhaug.

– Korleis har den første tida vore?

– Veldig kjekt, kort fortalt! Jobben er både interessant og variert. Eg drar litt nytte av min tidlegare jobb, samstundes som det her på kontoret er fleire oppgåver.

Gyda er ein svært ihuga fjellvandar, ho har vore på dei fleste toppane i Alver kommune, men det er som musikal nokon kanskje kjenner Gyda best. Først som kornettist i Manger Skulemusikklag, så i Manger Musikklag, ein tur innom Stavanger Brass Band, for så å enda opp i Eikanger-Bjørsvik Musikklag.

– Korleis i all verda hamna du hjå «fienden» Eikanger-Bjørsvik du som er frå Manger?

– Det var faktisk heilt tilfeldig. Eigentleg var eg litt lei då eg i 2004 bestemte meg for å slutta i Manger og leggja opp. Så ringte dei frå Eikanger-Bjørsvik og spurte om eg ville vera med på eit spesielt prosjekt dei hadde på gang – som vikar. Eg blei nysgjerrig, sa ja, og der er eg framleis. Det er eit utruleg profesjonelt musikklag.

Det er flygelhorn som er Gydas instrument i dag.



Både Gyda Matland (t.v.) og Kari Marie Gurvin-Molvik er tilfredse med å ha fått jobb på kyrkjekontoret på Manger.

**KARI MARIE GURVIN-MOLVIK** (43) er frå Sogndal, men bur i dag i Austmarka saman med mannen Ketil og deira tre born på 7, 11 og 16 år.

1. juni starta ho som diakon i Radøy sokn, ein særst variert jobb, med ansvar for alt frå babysong, barnekor og kvardagsmiddag til møte med menneske i alle situasjonar, andakt og deltaking i dåpsskule, for å nemna litt av spekteret.

– Kort sagt alt som har med kyrkja sitt omsorgsarbeid å gjera, seier ho.

Kari Marie skildrar den aller første dagen i ny jobb slik:

– Eg hadde vore på eit langt møte same dagen som vi skulle laga til kvardagsmiddag her på Rasteplassen. Det var ikkje mindre enn 35 personar påmelde. Eg hadde ansvaret for å handla inn all maten i butikken, og eg måtte av garde heile tre gonger før alt var i boks. Heldigvis var det to flinke frivillige som sto for matlaginga, men det var litt av ein pangstart, seier ho med eit godt smil om munnen.

## Diakoni inn med morsmelka

43-åringen frå den vesle grenda Gurvin i Sogndal fortel om ein oppvekst der omsorg sto i sentrum.

– På ein måte har eg fått dette med diakoni inn med morsmelka. Barndommen min var prega av alltid å ha andre for auga og ha plass til nokon ekstra rundt bordet.

Kari Marie er utdanna aktivitør og har mange år bak seg innan psykiatrien, mellom anna på Knappentunet i Bergen. Hennar siste jobb var som aktivitør i ei vikarstilling på omsorgsbustadene på Manger.

På fritida har Kari Marie til liks med Gyda stor glede av å gå fjellturar.

– Grønfjellet, Peprane og Tveitavarden er favorittane mine. Elles malar eg litt på fritida og har ofte eit handarbeid eg tyr til.

Ho gler seg til å bli endå betre kjend med små og stor i jobben sin.

– Her på kontoret er det berre rause og fine folk, avsluttar ho.

Frode Skag Storheim sluttar som organist i Radøy:

# Vil preika gjennom musikken

Tekst: Gunnar Kartveit og Frode Skag Storheim

Foto: Håkon Glatved-Prahl

– Du spelar på mange strengar, Frode. Kva for ein streng kling best?

– Haha, F for Frode!

– Kva for ein klasse gjekk du i då du vart glad i klassisk?

– Ja, dette har eg lurt på sjølv óg. Eg hugsar i alle fall at Mamma kjøpte ei plate med Mozart til meg då eg gjekk i 4. klasse, og same året fekk eg «Griegs vakreste verker.» Desse platene har eg enno. Og mormor sende meg kassettar med Grieg, og las dikt av Herman Wildenvey til meg i telefonen. Det sette nok sine spor. Gradvis auka interessa, men det var fyrst på vidaregåande i Knarvik at eg byrja å øva skikkeleg, og å gå inn i den klassiske musikken.

– I mange kyrkjer står orgelet på galleriet. Kva likar du best – å trappa opp eller trappa ned?

– I nokre nye kyrkjer er orgelet nede, og det gjev ein annan nærleik til kyrkjelyden. Men samstundes er det noko himmelsk over å kunne sende tonane ned frå høgt oppunder taket.

– Du er god med ordspel. Kva toneart spelar du helst i?

– Takk! C-moll, F-dur og D-dur er nok favorittane mine. Der kling musikken godt, og det er toneartar som eg synest ligg godt i hendene.

– Har du nokon gong kjent deg utspelt?

– Ja, mange gonger. Og på fleire vis. Eg hugsar særleg generalprøven før bacheloreksamen, samt siste orgeleksamen. Etter desse var eg så sliten at det gjorde vondt å liggja. Då hadde eg tatt ut absolutt alt eg hadde.

– Er du blitt rusa av orgelbrus?

– Ja. Og her er det på sin plass å nemna særns gode minne frå åra på Radøy. Som organist har eg hatt ein ambisjon om å driva musikalsk diakoni. Sidan eg ikkje får preika munnleg under tenestene, må eg gjera det musikalsk. Difor var gjerne musikk under nattverd og postludia mine sjansar til å verkeleg seia noko. Det er nokre minne knytt til postludia som er særns kjære for meg: Skjærtorsdag på Bø i 2015, då hugsar eg det blei stille i 5 minutt etterpå. Langfredag på Manger i 2016 og i år vart veldig bra. Då prøvde eg å gjera improvisasjonane så bekmørke og nær sagt kvelande som mogleg. Særns mange i kyrkjelyden uttrykte takksemd for musikken etterpå. Og kontrasten vert jo enorm når ein då feirar Jesu oppstode med Widors Toccata 1. påskedag.

– Du har fått stipend frå Det faglitterære fond for å skriva om målaren Hans Dahl. Er planen å ta Dahl til nye høgder?

– Ja, Hans Dahl er ein nasjonalromantisk målar som er, og



Frode Skag Storheim spelar flygel med stor innleving

lenge har vore, svært folkekjær, men som knapt er omtalt nokon stad. Seinromantikk er i det heile ein epoke som er særns lite forska på, og Hans Dahl var ekstremt produktiv og mangslungen. Det er eit heilt fantastisk inspirerande arbeid, og eg får foreina mykje av det finaste her i livet: Nasjonalromantikk, norsk natur, dragestil og Herskapeleg med Toppen Bech.

– Du er etterspurd både pga orgelspel og ordspel, og reiser ein del. Kva trivest du best med – motordur eller C-dur?

– C-dur. Eg er ingen mekanikar, til min fars store sorg. Han har garasjen full av Temposyklar, men for meg fall det aldri naturleg å vidareføra dette. Men ja, det vert mykje reising, men eg likar å nå folk med formidlinga mi.

– Når du no tek til i Bergen Filharmoniske orkester, får du fritt spelerom?

– Eg byrja i februar/mars i år, og dei har heldigvis vore nøgde med det eg skriv. Eg tok over etter Hans Henrik Rowe, ein institusjon i seg sjølv. Han hadde skriva for dei sidan midten av 80-talet, og til han døydd i vinter. Men leiinga i Harmonien sa at eg ikkje skulle kopiera han, men vera meg sjølv. No har eg skriva dei fire fyrste programma for neste sesong, og skal levera fire til om ein månads tid. Eg får og halda nokre innføringsforedrag i foajeen før konsertane neste sesong, noko som er formidlingsarbeid eg beint fram elsker å halda på med.

Eg trur det kan bli ein døropnar på så mange vis. Når det er sagt, er eg særns takksam for alt eg fekk gjera på Radøy i dei vel 7 åra det blei totalt.

Og som eg sa på avslutningskonserten, Audun har allereie spurt om eg kan vera vikar. Før de veit ordet av det, kling tonane frå Storheimen frå galleriet igjen.

# Sidan sist –



## **Bøn for fred**

Lydia Hoen Tjore og Rune Alver framførte konserten «Bøn for fred» på symboltunge tidspunkt og stader i Paris, og deretter på Manger. Når også Torstein Agaard Nilsen bidrog med nye komposisjonar, var det lokale innslaget komplett.

Dei kulturelle banda mellom Aust- og Vest-Europa har alltid vore sterke, og dette var eit berande element i konserten. Krigen i Ukraina gjorde konserten sers aktuell. Kultur kan lækja og byggja bruer.

**Takk til desse musikarane i verdsklasse som deler gåvene sine med sitt eige nærmiljø!**



## **Avslutning**

Frode Skag Storheim inviterte til avskilskonsert då han slutta som organist i Radøy etter 7 års teneste. Frode spelar på mange strengar, og programmet var tilsvarande variert både munnleg og musikalsk. Sjølv med ein liten stilling har han gjeve oss store opplevingar, og har bidratt til å oppfylle Den norske kyrkje sin visjon: Meir himmel på jord.

Knut Fredrik Sørheim har gjort teneste som prest i Radøy denne våren. Presten sitt arbeidsoppdrag vart skildra for 2-3000 år sidan, og Knut Fredrik har aktualisert den gamle budskapen i gudstenester og kyrkjelege handlingar her i Radøy.

**Takk for kyrkjelege tenester og tenarar.**



## **Kross og kaffi**

Kaffikjelen på biletet har vore med på utegudstenester på Solenfjellet i mange, mange år. Ole Kolås laga bål og let kjelen med kokekaffi hengja over bålet under gudstenesta, og serverte fersk kyrkjekaffi. Denne tradisjonen har Anne Marie og Oddvar Stang overteke, og gledd oss med kaffi og gjerne noko å bita i etter gudstenesta. Og dei har med ein bjørke-kross som gjer dette vesle stykke utmark til kyrkje kvar Kristi himmelfartsdag.

**Takk til Anne Marie og Oddvar Stang som legg så godt til rettes!**

# Frå kyrkjebenken

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden ?

– I 1988 bygde mannen min og eg hus på Skauge der eg og voks opp. Vi hadde ikkje vore her lenge før eg fekk spørsmål om å vere med i Myking sokneråd.

– Der var eg med i 3 eller 4 periodar, er ikkje heilt sikker. Er no med i kyrkjelydsutvalet, er av og til tekstlesar, og kan gjere andre oppgåver når eg har dagsformen i orden.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

– Kyrkjelyden på Myking har vore min åndelege heim sidan eg vart døypt der, så konfirmert og seinare gifta me oss der. Far min var medhjepar i kyrkja nokre år i oppveksten min. Han var difor alltid der når det var gudsteneste. Eg fekk spørsmål laurdag kveld om eg ville vere med i kyrkja dagen etter. Det kjentes ikkje som mas eller ”tvang”. Det var frivillig og kjekt å vere med. Ein vert etter kvart kjent med dei som går der. Det er ein god stad å møtast. Å trekke fram kva eg set mest pris på i sjølve gudstjenesta er mykje, men fine salmar, preika og nattverd er verdifulle ting å få med seg.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Som før nemt, eg er vakse opp i Myking kyrkje. Den er mi. Her høyrer eg heime. Eg finn ein eigen ro her. Tankar og sinn får kvile.

– Eg kjenner godt kvart rom og kvar krok. Eg synest den er fin inni. Utanpå er den mindre fin for tida, skulle vore oppattmåla. Det er lite triveleg å sjå på, særleg rundt inngangsdøra.

– Er det ein salme du likar?

– Det er svært mange fine salmar. Vanskeleg å velje. I seinare tid har eg tatt fram salmen ”Guds menighet er er jordens største under!” ( Ronald Fangen)

– Eg må nesten sitere første verset:

«Guds menighet er jordens største under!  
Mens verdens skikkelse i hast forgår,  
er Kristus i all evighet den samme,  
og fast Hans rike på sin klippe står.  
Mens verdensriker stiger og de synker,  
går kirken mot fullkommenhetens vår.»

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– God kaffi, noko godt å bite i, godt humør. Gode samtalar med gjerne nye, men også gamle kjende.



## FAKTA:

**Namn:** Gerd Skauge Nesse

**Alder:** 67 år

**Bustad:** Skauge, Myking kyrkjelyd

**Yrke:** Pensjonert sjukepleiar

**Knarvik  
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

## Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjæresteinene der du trenger det.



Båten har alle sertifiseringer i orden, den er også godkjent som sleepbåt.

MS Glimt er har et dekkareal på 22 m<sup>2</sup>, og en kapasitet på 3 tonn. Tilleggs er det en kran med 8 meter rekkevidde. Det er også en kjølerampe som kan legges ned for å frakte fiske, minigravner, ATV, motorisert trillebår, etc., stilles eller lignende. Båten stikker 1m djupt.

Ta kontakt på tlf: 4013 6666



Vi kan levere totalpakker med båttransport, stillas, maskinutleie, tømrere og malere, alt du måtte ha behov for. Vi har personell og utstyr til å bygge/ rehabiliterer kaiter, naust, hytter og hus.

Bovågen Service AS  
Botjernvegen 16, 5934 Bovågen  
Tlf: 4013 6666





**Etikk, takk!**

Butikksjef Katrine Kvalvåg Kolstad viser fram nokre av Fairtrade-varene Extra Manger tilbyr.

## Butikksjefen på Extra Manger: Gje produsentane ei anstendig betaling

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

– Eg synest det vil vera veldig bra dersom folk kjøper meir varer som gjer at fattige produsentar i andre land kan få betre betalt for produkta sine, seier butikksjef Karoline Kvalvåg Kolstad hjå Extra Manger.

I serien «Etikk, takk!» set kyrkjebladet denne gongen fokus på varehandel, konkretisert til Fairtrade og Nyt Norge-varer.

I Extra Manger hentar Karoline Kvalvåg Kolstad fram ulike Fairtrade-varer i butikken - kaffi, sjokolade, kakao, sjokoladedrikk, iskrem, sukker og iskaffi.

Ho seier at desse varene ikkje er godt nok kjende blant folk flest, og difor er responsen litt lågare for desse produkta. Men Kvalvåg Kolstad trur kundane er villige til å betala litt meir for å vera med på å gje produsentar ei anstendig betaling for varene sine.

– Eg synest difor det er fint at kyrkjebladet tar opp dette viktige temaet og kan vera med på å gjera forbrukarane meir bevisste på kva val dei har. Dersom folk vert flinkare til å nytta seg av desse varene, vil også butikkane ta inn meir og fleire varer i denne kategorien. Det skal ikkje stå på oss dersom interessa er der. Forbrukarane kan heilt klart påvirka dette, seier butikksjefen.

### Vil ta samfunnsansvar

Ho har eit klart inntrykk av at folk er stadig meir opptekne av å vera med på å ta samfunnsansvar og støtta dei som slit.

– Det er veldig fint at det finst ordningar som Fairtrade, som kan bidra til å gje fattige i andre delar verda levelege vilkår, seier Karoline Kvalvåg Kolstad. 30-åringen tok over som butikksjef hjå Extra Manger hausten 2019, men har jobba der sidan 2009.

– Kan butikken eller du som butikksjef gjera noko for å informera og fremja Fairtrade-varer?

– Det kan vera aktuelt å informera om desse produkta med bruk av plakatar i butikken. Men i hovudsak er det kjeden som bestemmer kva profilering som skal gjerast i butikken, seier Karoline Kvalvåg Kolstad.

### Trygg mat og dyrevelferd

Ho registrerer at det er mange kundar som er opptekne av Nyt Norge-varer, ei ordning som har etiske standardar som sikrar oss som forbrukarar trygg og (relativt sett) kortreist mat, og god dyrevelferd. Butikksjefen har mange varer med denne merkinga, t.d. mange kjøtvarer, frukt og grønt, meieriprodukt og juice, og frysevarer som grønnsakblandingar og pommes frites, surkål og ferdiggraut.

– Spesielt merkar vi god interesse for kjøtvarer og grønt og frukt, seier butikksjefen hjå Extra Manger.

**Etikk, takk!**

# «Rettferdige» blomar er vinn-vinn for alle

Tekst: Arthur Kleiveland.

Foto: Gunnar Kartveit

**– Det er fint å kunna selja blomar og plantar som gir afrikanske kvinner arbeid og betre liv, seier Eirik Næss Viken ved Mester Grønn sin blomsterbutikk på Horisont i Åsane.**

Eirik Næss Viken snakkar entusiastisk om Fairtrade og om Mester Grønn si betydelege satsing på ordninga som fremjar rettferdig handel.

– Folk er blitt meir bevisste på at dei ønskjer å kjøpa produkt som både er miljøvenlege og bidreg til å skapa betre levekår. Fairtrade-ordninga er vinn-vinn både for kundane – som ønskjer å vera samfunnsbevisste - og produsentane, seier Næss Viken.

Han trur satsinga på Fairtrade-bloomar også er med på å gje Mester Grønn eit styrka omdømme.

Butikkmedarbeidarar hjå Mester Grønn på Horisont har ei klar oppleving av at stadig fleire har ei djupare forståing for kor viktig dette er, og at dei ønskjer å ta eit ansvar.

## Vil stå opp for solidaritet

Han har jobba her sidan like før jul i fjor, og fortel om eit fokus på Fairtrade i opplæring og nettkurs frå første stund.

– Mester Grønn har ein klar filosofi om å stå for rettferdig handel gjennom Fairtrade og andre solidaritetsprosjekt, som t.d. dei såkalla Ukraina-bukettane.



Her er nokre av Fairtrade daglegvarene



«Fairtrade gjer ein stor skilnad for veldig mange,» seier Eirik Næss Viken ved Mester Grønn.

## 100.000 jobbar

Fairtrade er knytt til store farmar både i Kenya og andre stader i Afrika. I Kenya er det i stor grad roser som vert dyrka på desse farmane, og Eirik Næss Viken fortel at det skapar jobb til rundt 100.000 personar – og at det gjev store ringverknader for mange fleire i landet.

– Fairtrade gjer ein stor skilnad for veldig mange, seier han.

Han forsikrar at det er ferske blomar og plantar som kjem i butikken, sjølv om avstandane er lange.

– Effektiv transport frå dei afrikanske farmane gjer at blomane ikkje er gamle når vi får dei. Både produksjonslinja og transporten er så miljøvenleg som vi kan få til, seier Eirik Næss Viken.

An advertisement for VATNE begravelsesbyrå DAHLS. The background features pink flowers. The text is in white and black on a dark purple background.

**VATNE**  
begravelsesbyrå **DAHLS**

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**

# Ei «Fairtrade»-veke til inspirasjon?

Det starta som ein litt småsprø idé på eit møte i diakonigruppa i Alver kyrkjelege fellesråd. I den gruppa sit diakonane, Ruben og Gudveig, og spesialprestane, Håkon og Tone Marit. Me prata om dette med gode arbeidsvilkår, miljø, Fairtrade og rettferdig handel. Plutseleg hadde me blitt einige om å forsøka å leva ei veke på berre rettferdige produkt. Det er godt med litt press på seg sjølv, så me lanserte idéen til redaksjonen for det felles kyrkjelydsbladet i Alver – og vips; så vert det ei stor sak i dette bladet.

Prosjektveka vår vart avslutta med at Håkon diska opp med ein veldig god og rettferdig lunsj på kyrkjekontoret i Meland (sjå bilete for å bli freista!).

Bli med oss på eit forsøk på å berre eta rettferdig mat i ei heil veke.

## Ruben Sæle:

Nokre refleksjonar etter ei veke med Fairtrade og Nyt Norge.

Det starta ambisiøst med at eg berre skulle kjøpe produkt med denne merkinga, men då eg skulle kjøpe lunsj på dag ein meldte spørsmålet seg: Kva skal eg leggje pålegget på? Nyt Norge-pålegg gjekk fint å finne – både kjøt og ost, og Fairtrade-te er fint å ha i koppen – det var til og med First Price-te med Fairtrade-merke. Den billigaste teen kan garantere gode lønsvilkår for arbeidarane, det er interessant. Det må seiast at også den dyraste teen, Jakobs, er Fairtrade-merka. Men, altså, ingen brød eller knekkebrød med nokon slik garanti.

Etter kvart som veka gjekk, og det skulle handlast til både meg, familien, og folk som kom på besøk, så blei ambisjonane senka noko. Det gjekk frå «Vel berre Nyt Norge- og Fairtrade-merka produkt» til «Vel Nyt Norge- og Fairtrade-merka produkt når dette er mogleg.» Elles hadde det ikkje blitt fredagstaco eller laurdagsgodt. Ein stad må grensa gå. Men biff på søndag med tilbehør og is til dessert, det gjekk fint.

## Andre ting eg sakna:

- Eg fann ikkje noko syltetøy. Ikkje ein gong bestemødrene som rører i grytene til Hjemmelaget-serien til Nora kan skilte med Nyt Norge-merke.
- Eg fann ikkje noko fisk. Burde det ikkje vere mogleg med Nyt Norge-merka fisk i Noreg?

Eg undersøkte reglane for Debio økologisk, og EU sitt økologiske merke, men kunne ikkje finne noko krav til arbeidsforholda til desse merka. Litt rart at menneskevelferd ikkje er ein del av økologisk drift, men eg forstår at det kunne bli endå meir krevjande å ha med.

Det finst også andre merkeordningar som eg har lite kjennskap til, men som kanskje også stiller liknande krav som Nyt Norge og Fairtrade (Cocoa life, UTZ certified). Det er også viktig å hugse på at umerka produkt ikkje betyr at



det er uetiske produkt. Det er fritt fram for alle bedrifter å løne arbeidarane sine skikkeleg utan å få det sjekka av td. Fairtrade. Det burde ein eigentleg kunne forvente at dei gjer.

Alt i alt var dette eit artig prosjekt som først og fremst gjorde at eg lærte meir om dei produkta eg ofte kjøper, og som eg bokstaveleg talt lever av. Det har vore nyttig og tankevekkjande.

## Håkon Økland Kinsarvik:

Det å leve på Nyt Norge og Fairtrade-merka produkt var både vanskelegare og lettare enn eg trudde. Som alle andre gongar når ein avgrensar seg sjølv, vil ein ha det ein ikkje kan få. For å vere heilt ærleg, me åt ikkje berre mat merka med Nyt Norge og Fairtrade denne veka.

Eg trudde dette skulle være ganske enkelt, men det var det ikkje. I etterpåkløskapen si innsikt burde spelereglane vore noko rausare, for ein tur på butikken tok mykje lenger tid enn før.

Pålegg var ganske greitt å få tak i, men brød var heller vanskelegare, frukt var nærast umogleg, fisk var òg ganske vanskeleg å finna. Når eg gjekk i ein kiosk og ville ha noko godt, kom eg rett og slett tomhendt ut att derifrå når eg følgde reglane til punkt og prikke - noko eg då ikkje gjorde...

## Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn:

Noko av det kjekkaste eg veit er å planlegga, så kvar



søndag prøver me å setja opp ein enkel middagsplan i heimen. Måndag er handledag, og alt me treng til veka vert forsøkt kjøpt inn. Planen denne veka var å setja opp ein «typisk» middagsplan, og så sjå om det var mogleg å få den med berre Fairtrade- eller Nyt Norge-merka produkt.

Ganske kjapt uti handleturen innsåg eg at eg har hatt litt flaks; for ein del av konseptet vårt denne veka var at me kunne bruka mat me alt hadde heime og hadde tankar om å bruka. Så eg kunne bruka både torsken og laksen som låg i frysen, og det var flaks, for det var vanskeleg å finna fisk som hadde desse merkingane. På torsken stod det at den var produsert i Norge, men det stod ingenting om arbeidsforhold, om den har vorte sendt til andre sida av kloden for pakking, eller anna informasjon.

Neste utfordring på butikken kom då pasta skulle handlast inn. Det var ikkje mogleg å finna med noko Fairtrade-stempel.

Så det var nokre utfordringar som dukka opp – den største var nok at det var dårleg med Fairtrade og Nyt Norge-merking på sjokolade... - men mest av alt har dette vore ei positiv utfordring for meg og kva eg tenkjer gjennom når eg handlar mat. For det er overraskande mange gode produkt



Nyt Norge-merket tyder friske plantar, god dyrevelferd og trygg og relativt kortreist mat.

i butikkane som er mogleg å få med Fairtrade og/eller Nyt Norge-merking. Det har vore lærerikt, litt frustrerande, og veldig kjekt med eit slikt prosjekt!

### Konklusjon

Vi finn mange produkt som er merka anten Fairtrade eller Nyt Norge dersom vi ser etter dei. Og fleire varer vil vi etter kvart finna dersom mange nok spør etter dei i butikken der vi handlar. Vi utfordrar lesarane til å bli meir bevisste på dette. Det hadde vore kjekt om det var lett å velja FairTrade og NytNorge! Så vil kanskje eit nytt forsøk om eit år gje betre resultat?

**Bygg Team**  
VEST AS



Alt innan tømrafaget!



**Bufetat**

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)



**HELLAND ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: [post@helland-elektro.no](mailto:post@helland-elektro.no)  
[www.helland-elektro.no](http://www.helland-elektro.no)  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



**SIKRINGEN**  
- din elektriker



**RISNES ELEKTRO AS**

Elinstallatør · tlf. 56349620



### Andakt

Av: soknepresten i Knarvik, Cathrine Grutle

For tiden nyter jeg gode og kaotiske dager som ny ankommet prest i Knarvik, ny innflyttet i eget hus og gjenforent med mannen i mitt liv etter et års tid som særboende. Det er mye som er bra! Et av tre barn har blitt med på flyttelasset til Bergen, mens de to andre forhåpentligvis kommer på besøk med ujevne mellomrom.

Jeg har vært barne- og ungdomsprest i Oslo og sokneprest på bygda i Møre. Nå gleder jeg meg til å være sokneprest i Lygra, Seim, Alversund og Knarvik. Det er mye som er nytt, men jobben er heldigvis den samme.

Opprinnelig kommer jeg fra Rygge i Østfold. Jeg husker godt at det ble bygget en ny kirke på Ekholt der jeg bodde. Det var min første arbeidskirke. Jeg husker hvor fint det var med et fleksibelt kirkerom. Der kunne vi i ungdomskoret snu rundt på kirkerommet når det var ungdomsgudstjenester og finne våre egne uttrykk. Troen vår fikk rom til å vokse og mange av oss fikk et eierforhold til kirka. Senere har jeg lært å bli glad i de eldre kirkene også, men det er nok arbeidskirkene som står hjertet mitt nærmest.

Som ny er jeg opptatt av å se og høre om alt det gode arbeidet som gjøres i kirkene våre. Litt vet jeg om, men jeg gleder meg til å lære mer. Nå om dagen handler det mye om «begynnelser» for meg og det får meg til å tenke på den første begynnelsen.

«I begynnelsen skapte Gud himmel og jord». Så ble jorden fylt med liv og leven og «Gud så på alt det han hadde gjort, og se, det var svært godt!» Dagens klode er ikke like perfekt som den en gang var, og vi har et ansvar for å ikke gjøre ting verre. Egentlig bør vi sikte enda høyere og prøve å gjøre ting bedre. Det kan av og til føles som en dråpe i havet, men jeg tror det hjelper at vi resirkulerer avfallet vårt. Kjører tog i stedet for fly. Kjøper rettfærdig kaffe, og passer på at vi ikke kjøper mer mat enn vi kan spise.

Det er ikke bare jorden som trenger en ny begynnelse. Vi mennesker trenger det jevnlig, og får det i møte med Jesus. Han har ikke lovet oss perfekte liv, men har lovet å gå sammen med oss på vår vandring gjennom livet.

## 15 spørsmål

Av Borgny og Erling Tjore



1. Kor mange kyrkjer er det i Noreg?
2. Kven var det første mennesket på månen?
3. Kva song er dette henta frå? «..og vinna lukka lang..»
4. Kva år døydde kong Haakon?
5. Kva er alopesi?
6. Kva år vart NATO skipa?
7. I kva land var Idi Amin herskar?
8. Autofobi – kva tyder det?
9. Kva år vart første oljefunnet for Noreg gjort?
10. Kva song er dette henta frå? «I den det gamle faller»
11. Kvar kjem fotballspelaren Socrates frå?
12. Vart Jesus fødd i Jerusalem, Betlehem eller Nasaret?
13. Kor mange dagar er det mellom påske og pinse?
14. 4. juli er offisiell flaggdag i Noreg. Kvifor?
15. Ordet «Volvo» er latin. Kva tyder det?



**KNARVIK**  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

*Gravminne*



- Ring for katalog
- Navnetilføyning
- Gravstell
- Oppussing

 **Hageland**  
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 3577 30

# KULTUR- KALENDER

## 24. september

### Konsert i Alversund kyrkje kl. 20.00.

Kristin Minde med Seim Songkor som gjester inviterer til release- og jubileumskonsert i Alversund kyrkje. Dette er ein del av hennar reaseturné med band for albumet «Alle slags dager». Billetter ved inngang eller på [www.kristinminde.com](http://www.kristinminde.com).

## 23. oktober

### «Nocturne» - Jubileumskonsert i Knarvik kyrkje kl. 19.00.

Musikkens venner Nordhordland vart stifta i 1982 og kan altså sjå attende på 40 år som aktør på kulturfeltet i regionen. Utøvarane er lokalt forankra og mange av dei har òg tidlegare musisert saman i regi av Musikkens venner, til dømes Seim songkor og Alversund kammerkor.

## 27. oktober

### Vamp-konsert i Knarvik kyrkje kl. 19.00.

Vamp høyrer til eliten av norsk musikkliv. Dei har utvikla eit spesielt uttrykk i møtet mellom musikk og lyrikk som har treft den norske folkesjela. Billetter: [www.ticketmaster.no](http://www.ticketmaster.no).

## 20. november

### Händels Messias i Knarvik kyrkje.

Alversund kammerkor m/solistar og orkester.

## 26. november

### Klassiske perler – konsert i Knarvik kyrkje kl. 18.00.

Manger Musikklag er i gang med siste halvdel av jubileumssesongen. På konserten har dei med seg Melissa Baug, Rune Alver og Erlend Aagaard-Nilsen. Dirigent Maria Nygård Molund. Billetter: kr. 250/200. Skulekorpsmusikantar gratis.

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22.40.00.40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## Svar, 15 spørsmål:

1. Ca 1620 stk. 2. Neil Armstrong. 3. Det folk som frægt vil vera. 4. 1957. 5. Hårtap. 6. 1949. 7. U ganda. 8. Redd for å vera ælaine. 9. 1967. 10. Jæg velger mig april. 11. Brasil. 12. Betlehem. 13. 50 dagar. 14. Dronning Sonja sin fødselsdag. 15. Eg rullar



# Gla'sang i Nordhordland

Bli med på tv- opptak til Bedehuskanalen

Konglevoll bedehus 7.september  
Leirvåg bedehus 21.september  
Eknes bedehus/KRIO 5.oktober  
Betania Knarvik 19.oktober  
Frekhaug bedehus 2.november

Talar: Johnn Hardang  
Musikk: koret Hatikva og lokale sangkrefter

Klokka 19.00  
Møt i god tid før opptak



Bedehuskanalen



## OPPSKRIFT

# Banankake med Fairtrade-ingrediensar

### Ingrediensar:

- 4 stk Fairtrade bananer, overmodne
- 3 stk egg
- 100 g nøytral olje (raps el soya), gjerne økologisk
- 400 g mjøl
- 150 g Fairtrade-sukker
- 1 ts bakepulver
- 0,5 ts salt
- 1 ts kanel
- 100 g Fairtrade-sjokolade
- 50 g valnøtter , hakka

### Slik gjer du:

Set ovnen på 180 grader, og kle ei brødform med bakepapir.

Mos bananene med ein gaffel til bananpurè. Tilset egga og rør til dei er godt blanda inn. Rør inn olja.

Sikt inn det tørre, og vend saman med ein slikkepott.

Tips! Ikkje rør for mykje, då blir konsistensen veldig hard.

Vend inn sjokoladen og valnøttene rett før steiking.

Ha røra over i brødforma, og steik i ca. 50 minutt (avhengig av omn).

Pynt den som du ønskjer, prøv t.d. honning og banan i skiver.



Foto: meny.no/oppskrifter/kaker/  
Frukt-og-barkaker/Saftig-banankake-med-sjokolade/



# Grilla sumarkål med bruna smør

Som ein del av FairTrade-prosjektet du kan lesa om i dette bladet, skulle Håkon Økland Kinsarvik, spesialprest for barn og unge i Meland, prøve å lage ein billig middag for under 100 kr for fire personar. Grilla sumarkål med hasselnøtt og bruna smør, med urter frå terrassen, er lett og god middag som ein bør prøve.

### Grilla sumarkål

Ta av ytste lag av blad av kålen og del kålen i fire eller åtte, ta utgangspunkt i stilken så skivene held saman.

Smelt litt smør og pensle kålen

Grill kålen på grillen til den er gyllen og ser mjuk ut, bruk lav varme. (du kan også bruke grilleffekt i ovnen om du ikkje har grill.)

Nøttesmør med hasselnøtt

Ta ca 150 g. smør i ei panne på høg varme, lat det smelte og rør rundt med ein visp, etter kvart får smøret ein brunfarge. Ta panna av varmen og tilsett 20 g hakka hasselnøtt med litt salt.

Server med urter etter eige ønske og gjerne ein slangeagurk delt i to, skrap ut kjernen og ta litt salt på agurken, vent nokre minutt og skyl i vatn, del så agurken i små bitar etter ønske.

Server med grilla brød med smør eller olje, og salat viss du ønsker.



**PH** HEDER

NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale  
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR  
**deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund    Havnevegen 31 Frekhaug    Elvavegen 1 Dalekvam

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri
- Alarm
- Billadere
- Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk
- Automatisering
- Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

**Torsvik ELEKTRO**

# Diakonalt hjørne

Av Kari Marie Gurvin-Molvik

«Me vil bruke Fairtrade-merka produkt», heiter det i Diakoniplanen for Radøy. Det vil seia at kyrkja kjøper Fairtrade-merka produkt når det er mogleg.

Fairtrade arbeider for rettferdig handel, føreseieleg inntekt, berekraftig jordbruk og eit betre liv for bønder og arbeidarar i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Fairtrade har fokus på at alle menneske er like-verdige. Menneskeverdet har sine røter i jødisk og kristen lære.

Korleis kan Jesus vere eit eksempel for oss i våre møte med menneske?

I likninga om den miskunnsame samaritanen får Jesus spørsmål om kven som er nesten hans. Jesus fortel om ein forslått mann som ligg i grøftekant. To menn går forbi, og vil ikkje ha noko med mannen å gjera. Den tredje viser inderleg medkjensle: «Han gjekk bort til han, helte olje og vin på sår hans og batt om dei, lyfte han så opp på eselet sitt og førte han til eit herberge og stelte vel om han. Morgonen etter tok han fram to denarar, gav dei til verten og sa «Syt vel for mannen, og må du leggja ut meir, skal du få det når eg kjem attende». Luk 10: 34-35. Jesus seier til mannen som spør kven nesten hans er: «Gå du og gjer som den miskunnsame samaritanen».



Denne likninga fortel oss korleis vi kan vise medkjensle. Jesus fortel korleis kjærleiken kan drive oss til å hjelpe andre, behandle kvarandre med respekt, og ikkje utnytte kvarandre.

Fairtrade jobbar i tråd med fleire bibelske prinsipp. Dei er med på å sjå til at arbeidsforholda er trygge både for produsent og arbeidar i ei tid der råvareprisane er svingande og uføreseielege. Fairtrade opererer med ein minstepris same kor lågt råvareprisane måtte falle i marknaden. Dette gjev bøndene høgare og meir stabil inntekt, og ein kvardag som kan føreseiast.

Innfor Gud har me alle lik verdi, og han har omsut for oss på alle livets område.

Eit kjent slagord seier «Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe nokon.» Ved å kjøpe Fairtrade produkt kan me óg vere med og gje eit lite bidrag til dette.



## VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Kaffibønne. Den brune kjernen som blir til kaffi, ligg inst i kaffibæret. 5000 kaffibønner må til for å laga 1 kg ferdig malt kaffi.

Biletet er teke hjå ein kaffibonde i Nicaragua i Mellom-Amerika.

«No sel me kaffien med tap», sa bonden. Eit tapsprosjekt, altså, for han som dyrkar kaffien for oss.

Kaffibonden er avhengig av oppkjøparar. Og oppkjøparen tilbyr gjerne ein pris som bonden må godta anten det inneber tap eller gevinst, for elles går oppkjøparen vidare til ein annan kaffibonde.

Fairtrade-ordninga inneber at bøndene vert organiserte. Dei får hjelp og rettleiing til å dyrka miljøvenleg og berekraftig, og kan stilla vilkår ved sal. Fairtrade har standardar både for bønder og oppkjøparar, og inneber at fattige vert løfta ut av



fattigdomen.

**Fairtrade-ordninga** var enno ikkje etablert i området der kaffibonden i Nicaragua held til. På same måten som bønder over alt ville han gjerne tena nok av avlinga til å kunna leva av det. Men han stod åleine, og måtte berre godta ordningar som fører til fattigdom.

Kaffi med Fairtrade-merket er litt dyrare enn annan kaffi. Men når eg kjøper kaffi, vil eg gjerne vita at det kan gje kaffibonden både levebrød og verdigheit.

# Slekters gang

## Radøy

### Døypte

22.05.2022 i Manger kyrkje, Nora-Milene Bauge  
22.05.2022 i Manger kyrkje, Sienna Bauge  
22.05.2022 i Knarvik kyrkje, Athene Løvoll Johannessen  
29.05.2022 i Hordabø kyrkje, Nils-Henrik Marøy Sørli  
29.05.2022 i Hordabø kyrkje, Arthur Palmesen Skendaj  
05.06.2022 i Knarvik kyrkje, Amalie Syversen Renholm  
05.06.2022 i Manger kyrkje, Alexander Askeland Nepstad  
12.06.2022 i Tjorehagen, Alma Margrete Leithaug Fjellsende  
07.08.2022 i Sæbø kyrkje, Sofie Gullaksen Askeland  
07.08.2022 i Sæbø kyrkje, Emre Alexander Bendiksen Tjore  
14.08.2022 i Manger kyrkje, Torian Helland Sævdal

### Vigde

03.06.2022 i Manger kyrkje, Christine Tewa Toffa Komano og Knut-Arve Kartveit  
04.06.2022 i Manger kyrkje, Mariette Hetlebakke og Magnus Engjom  
18.06.2022 i Manger kyrkje, Lene Marie Aursland Haugland og Eirik Myking Midtbø  
06.08.2022 i Manger kyrkje, Marita Halland og Chris Martin Erstad

### Gravlagde

06.05.2022 i Emigrantkyrkja, Asbjørn Fauskanger  
24.05.2022 i Manger kyrkje, Ingebjørg Oldfrid Olsen  
24.05.2022 i Manger kyrkje, Karen Birkeland  
03.06.2022 i Hordabø kyrkje, Jostein Atle Håland  
03.06.2022 i Manger kyrkje, Jenny Johanna Ottesen  
10.06.2022 i Manger kyrkje, Inge Johan Mangersnes  
10.06.2022 i Sæbø kyrkje, Gerd Ruth Nordbø Frotjold  
14.06.2022 i Manger kyrkje, Gerd Birkeland  
14.06.2022 i Manger kyrkje, Kirsten Baug  
17.06.2022 i Manger kyrkje, Per Robert Rognaldsen  
24.06.2022 i Hordabø kyrkje, Mary Irene Johnsen  
28.06.2022 i Hordabø kyrkje, Roger Sundal Villanger  
05.07.2022 i Emigrantkyrkja, Johannes Kolås  
12.07.2022 i Sæbø kyrkje, Borgny Askeland  
12.07.2022 i Manger kyrkje, Margunn Hagen  
04.08.2022 i Hordabø kyrkje, Målfrid Haugland  
05.08.2022 i Manger kyrkje, Jan Ove Nylund  
12.08.2022 i Manger kyrkje, Karoline Nøttveit

# VISSTE DU DETTE?

- Fairtrade Norge vart stifta i 1997 av 12 organisasjonar, m.a. Den norske kyrkja og Kirkens Nødhjelp
- Over 1,8 millionar bønder og arbeidarar verda over er med på Fairtrade
- Fairtrade-produkt kjem frå 72 ulike land og landområde
- Fairtrade-varer vert selde i 145 land
- Det finst meir enn 35.000 ulike Fairtrade-produkt
- Mellom dei mest vanlege Fairtrade-varene i Norge er kaffi, te, kakao, sukker, sjokolade, is, vin og blommar
- Fairtrade-varer er sporbare heilt tilbake til råvarene
- Fairtrade-ordninga har gjeve svært mange hus, mat og utdanning. Og verdigheit.



# Tankestrek

Av Frode Skag Storheim

Hva skal stå igjen den dagen du er dratt?  
Når livets timer skumrer og aften blir til natt?  
Hvem skal huske dine fotefar i sanden,  
Din silhuett mot lyset og gange over stranden?

Hvilken bagasje er nødvendig å fortolle?  
Hvilke kolli er blant de du vil beholde?  
Hva vil du vi skal minnes av det du sa og gjorde?  
Om alt du ga og våget, og det du ikke torde?

Vi har alle våre tanker og innestengte drømmer  
Som svirrer rundt som fisken i tidevannets strømmer  
«Husker du den gangen, ja, jammen var det tider,»  
Og vi minnes gode dager fra livets mange sider

Men det beste her i livet er når tanker stopper opp  
Og du bare er tilstede i livets blomsterknopp  
Når du øser av din rikdom til fellesskapets beste  
Da gjør du nettopp dette: da elsker du din neste

*Skrevet til sommeravslutning i Nordhordland prosti, hvor hver stab skulle presentere noe på temaet «hva vil du bli husket for?».*

Helsing frå kyrkjelyden til Frode Skag Storheim

**I ein sju-årig god periode  
Har du vore til glede her, Frode!  
Du tryllar med ord,  
Spelar himmel til jord.  
Så: Stor TAKK til slik mangfoldig pode!**



**Kari Marie Gurvin-Molvik**  
Diakonimedarbeidar  
932 01 354



**Arne Palmesen**  
Kyrkjegardsarbeidar  
911 53 484



**Wilco Vogelaar**  
Kyrkjelydspedagog  
479 73 670



**Monica Haukeland**  
Kyrkjetenar  
966 97 814



**Kjell Johan Sekkingstad**  
Sokneprest  
951 41 360



**Håkon Glatved-Prahl**  
Kyrkjetenar  
900 89 450



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1  
A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

### Telefon:

4000 1691  
kvar dag kl 10.00 – 14.00.  
post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

### Facebookside:

radoykyrkjelyd

### Kontonummer:

3636 07 04682

### Vipps:

24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.



**Audun Sylta**  
Dagleg leiar Radøy og Lindås  
901 95 179



**Helge Taranrød**  
Prost  
415 28 318



**J. William Kay**  
Organist /Rådgjever  
915 91 482



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeveerje  
482 84 872



**Gyda Matland**  
Administrasjonssekretær  
400 01 691

### Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø  
post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeveerje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellestrådet:** Grethe Lunde,  
gr-lunde@online.no

**Soknerådsleiar Radøy:**  
Gunnar Kartveit  
gunnar@kartveit.com

### Radar

**Utgjever:** Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger  
**Lokal redaksjon:** Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl.

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl

# GUDSTENESTE- KALENDER

**04.09.2022**

Sæbø kyrkje 11:00  
13. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad,  
Vidar Eldholm  
Forsongarar frå Radøy  
damekor

**11.09.2022**

Manger kyrkje 11:00  
Vingardssundagen

**18.09.2022**

Hordabø kyrkje 11:00  
15. søndag i treeiningstida

**25.09.2022**

Manger kyrkje 11:00  
16. søndag i treeiningstida  
Familiegudsteneste med  
utdeling av 4-årsbok

**02.10.2022**

Sæbø kyrkje 11:00  
17. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad,  
Vidar Eldholm

**09.10.2022**

Manger kyrkje 11:00  
18. søndag i treeiningstida  
Konfirmantjubileum

**16.10.2022**

Hordabø kyrkje 11:00  
19. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad, Ann  
Jorun Hillersøy

**23.10.2022**

Sæbø kyrkje 11:00  
20. søndag i treeiningstida

**30.10.2022**

Manger kyrkje 12:00  
Bots- og bededag  
Festgudsteneste for heile  
familien  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay

**06.11.2022**

Manger kyrkje 19:00  
Helgemessesundag  
Minnegudsteneste  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay  
Radøy damekor

**13.11.2022**

Hordabø kyrkje 11:00  
23. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad  
Forsongarar frå Radøy  
damekor

**20.11.2022**

Manger kyrkje 11:00  
Siste søndag i kyrkjeåret

**27.11.2022**

Sæbø kyrkje 11:00  
1. søndag i adventstida  
Familiegudsteneste

**04.12.2022**

Manger kyrkje 11:00  
2. søndag i adventstida  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay  
Forsongarar frå Radøy  
damekor

## DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen.  
Kvar måndag kl 10:30.  
For born og foreldre.

Kvardagsmiddag for alle,  
Rasteplassen.

Annankvar onsdag,  
partalsveker, kl 16-17.  
20 kr pr person.  
Påmelding tlf 932 01 354

Barnekor, 4 år – 3. klasse  
Manger kyrkje, Kyrkjestova.  
Annankvar onsdag,  
partalsveker, kl 17-17:45.

Radøy damekor  
Øving kvar onsdag kl 19:30.  
Rasteplassen

Trylleshow og  
laurdagsgraut  
29. oktober kl 11-13  
Besøk av Ivar Skippervold

For meir info:  
[Sjå kyrkja.no/radoy](http://Sjå kyrkja.no/radoy)

## NY REDAKTØR I KYRKJEBLADA

Øystein Skauge tar  
over som redaktør av  
kyrkjeblada i Alver  
frå nr 4/22.

Gunvor Taule Mjanger seier  
takk for seg, og ønskjer  
lukke til vidare!



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje